

TUNTREET av Margreta Dønhaug.

Det står ei bøk ved tunet her, så stor og svær og brei.
Vart planta her av dei som bygde hus og rydde gard -,
- sku' stå til vern og livd mot vind og ver -
for folk og slektene som budde her.

Dei gamle sa om slike tre: Det fylgde løynde makter med -
Det kunne sjå og høyra! Og det var sømd og folkeskikk
at det fekk smaka gildedrikk, - det beste garden makta!

Eg står og ser på dette tre, og tenkjer på eit lite frø
som fall til jord og grov seg ned, - og sette røter djupt
i mold og aur og tok si næring der, mens toppen, med
den nye knopp, tøygde seg mot himlen opp.

Og kvar ein vår når alle blad og blomar sprett,
og fuglane har dala ned og syng so fint og lett i dette tre,
då får den trøyte tanke og det slitne sinn denne stemning -
dette under anda inn.

Og kvar ein haust det er eit syn å sjå, når treet tek sin
gull-gul-farge på; Det lyser opp! Det skapar fred!
Det gamle tuntreet skal aldri hoggast ned!

Å tuntre! Lat meg sjå på deg, og denne tanke må du læra meg:
Å stå til vern og livd og vera knopp, som veks og veks
mot himlen opp.

